

## Ruskever og kafe-suksess!

15.07.2008



TI-aren kafe hadde svært godt besøk i ruskeveret. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Ruskever med regn og blåst er framifrå kafever! Det må bli den klare konklusjonen etter det som skjedde på TI-aren Kafe i Gamleskulen tysdag.**



Både bufaste og ferierende uskedelinger trivs på kafeen i Gamleskulen. Her sit frå venstre Stine Clementsen (3 år, Ågotnes på Sotra),

Emma (6 år, Ågotnes på Sotra), Ragna Myklebust (Uskedalen), Bjørg Grønvigh (Skansen i Bergen) og Anne-Brith Clementsen (Bergen)  
(Foto: Ola Matti Mathisen).

Folk strømmde til og både uskedalen.no og vertskapet heldt å å gå surr i teljinga. Men vi kom til den konklusjon til slutt at det hadde vore 40 innom. Det er nesten rekord og dobbelt så mange som gjennomsnittet til no i sommar!

Det var ikkje uventa eit solid innslag av feriegjestar frå Rabben og båthamnane, som kjempa seg gjennom regnbygene og fekk ei riktig triveleg stund saman med eit gjestfritt vertskap og fastbuande.

Arnhild Myklebust, Ruth Myklebust og Martha Bakke var vertar denne gongen og dei hadde det særleg travelt med å steike vaflar.

Men det mest overraskande var kanskje at også mannfolk dukka opp, og det truleg utan å ha vore utsette for noko slags utidig press! Besøk av menn på TI-aren er slett ikkje noko som skjer kvar tysdag.

Statistikken for sommaren 2008 må kallast tilfredsstillande, med eit gjennomsnittsbesøk på 23. I protokollen står det å lesa at at det har vore 17, 20, 17, 23, 25, 18 og altså 40 innom de siste sju tysdagane med start 3. juni og slutt denne tysdagen.

Det er selt for over 4.000 kroner sjølv om "einheitsprisen" som namnet på kafeen fortel er berre 10 kroner! Og alt er resultat av ein dugnadsinnsats som ein berre må ta av seg hatten for.

Berre ein liten kritisk parentes: No må dei gamle bileta koma opp på veggjen!

Av Ola Matti Mathisen



